



Hol kommune,  
Bygdearkivet,  
3576 Hol.

Tønsberg, 20. januar 2017

## **Prosjekt "Digitalisering av Olav Sletto-arkivet". Fyrste rapport - arkivboks 23 ferdig.**

Vi viser til samarbeidsavtala mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet om digitalisering av Olav Sletto-arkivet. Avtala inneber at selskapet gjer det praktiske arbeidet med digitaliseringa. Hol kommune/Bygdearkivet syter for profesjonell og trygg langtidslagring.

Det er med glede vi oversender resultatet av fyrste økt, som starta i midten av desember 2016. Alle foredraga, eller rettare sagt alle temaene - i alt 28-30 - som Olav Sletto tala om i sitt lange liv som talar, og som er arkivert i boks 23, er no ferdig digitalisert. Det vil si at det er gjort avskrift av alle talene. Dei og originalane er scanna og lagra på to minnepinnar som ligg ved dette brevet. Talene er lagt i separate mapper, alfabetisk ordna, etter tema, med unntak av tema "Hallingdal og folkehøgskulen" – boks 23.4, som ligg på minnepinne II. Den skulle vore med på pinne ein.

Vi arbeider med eit papirarkiv som er grundig og velordna. Ein stor tidlegare innsats frå Kåre Olav Solhjell og Arne Skogheim kjem oss til gode no. Papirkvaliteten på nokre av dokumenta er litt sprø, så det synest vera på høg tid å digitalisere stoffet og slik gjera det tilgjengeleg for vidare gransking og anna publisering.

Stoffet skal, slik avtala er, lagrast profesjonelt i Hol bygdearkiv. Det er viktig at dette blir gjort raskt og kontinuerleg, for minnepinnaar er ikkje egna for langtidslagring.

Vi ber om attendemelding og retur av minnepinnane når dei er forsvarleg lagra.

Styret i Olav Sletto-selskapet vurderer korleis ein mest optimalt kan publisere stoffet på eigne heimesider – [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) Dette er plasskrevande dokument, og vi har berre ein blogg. Kan hende trengs ei anna form og meir plass. Det vil vi måtte koma attende til.

Alle avskrifter og originalar i scanna form er delt med professor Jørn Øyrehagen Sunde, Universitetet i Bergen. Han har bedt om å få analysere stoffet, og vil legge fram resultatet under OLAV SLETTO-DAGEN 2017.

No går vi vidare med Olav Slettos korrespondanse. Den er stor! Vi reknar med at dette vil vera hovudoppgava for styret i Olav Sletto-selskapet i heile 2017.

Takk til Hol kommune som hjelpte oss med fleksible og praktiske løysingar for arbeidet!

Besthels

Eva Almhjell  
for styret i  
Olav Sletto-selskapet